

# Etisk reglement for folkevalde i Vang Kommune

Vedteke av Kommunestyre den 17.12.2020



# Visjonen til Vang Kommune:

“Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærliek, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.



## Innleiing:

Vang Kommune er avhengig av samfunnets tillit og eit godt omdømme. Det kviler eit stort ansvar på folkevalte i kommunen som forvaltar samfunnets fellesmidlar fordi det omhandlar oss alle. God etisk standard er ikkje noko vi aleine kan vedta - det krev ein gjentakande, open og reflekterande samtale rundt spørsmål og dilemma. Saman må vi bidra til fokus på etiske haldningar og handlingar. Kva dei folkevalde gjer og seier er grunnlaget for kommunens omdømme. Alle i kommunen har rett til å ytre seg.



## Føremål og forventingar:

- ❖ Vang Kommunes etiske reglement sikrar ein felles etisk standard for folkevalde. Reglementet skal sikre ein god etisk praksis.
- ❖ Som forvaltarar av fellesmidlane i samfunnet må kommunen stille høge krav til folkevalte etiske haldningar. Alle plikter lojalt å overhalde dei lover, forskrifter og reglement som gjelder for kommunen. Folkevalde skal halde seg lojalt til vedtak og avgjerder. Vi skal være konstruktive i relasjonar til kvarandre og legge til rette for trygge arenaer kor meiningsutvekslingar finn stad. Det skal være eit positivt arbeidsmiljø for folkevalde.



## Folkevalte sitt ansvar:

- ☞ Folkevalde i kommunen er representantar for visjonen vår. Det den uttrykker og står for av verdiar skal vi fremme i vårt arbeid for kommunen. Dette gjeld både innanfor og utanfor kommunegrensene.
- ☞ Folkevalde skal bidra til at vi har ein open og ansvarlig organisasjonskultur.
- ☞ Folkevalde i kommunen har eit eige ansvar for at kommunens etiske reglement blir følgt.
- ☞ Er ein i en situasjon ein opplever som usikker skal ein ta kontakt med ordførar.



# I møte med kommunens innbyggjarar:

• Innbyggarens tillit til kommunen er heilt avgjerande. Folkevalde sin åtferd må være på ein måte som samsvarer med kommunens vedtekne etiske reglement.

• Vang kommune skal pregas av respekt for ulikhet og ønske om mangfald - ulikhet i kjønn, etnisk eller nasjonal opphav, hudfarge, religion/livssyn, seksuell orientering, politisk standpunkt, alder og funksjonsnivå. Det er nulltoleranse for mobbing, trakassering og diskriminering.



# Kommunikasjon:

## Former for kommunikasjon

- ☞ Kommunikasjonsformer er viktig i eit tett samarbeid. Derfor må vi unngå bruk av herskande teknikkar og uforsvarleg åtferd.
- ☞ I kommunestyremøter skal vi titulere kvarandre med «representant +etternavn». Innehar ein person eit tydelig mandat i situasjonen skal dette brukast, for eksempel ordfører, kommunedirektør, etc.
- ☞ Være tydelig i samband med rollen.

## Teieplikt, fortrulegheit og sosiale medier

- ☞ Fortrolige opplysningar som kommunens folkevalde mottar i forbindelse med sitt arbeid i kommunen, skal respekterast og aldri deles med andre.
- ☞ Alle har et eige ansvar for åtferd på sosiale media.



# Relasjonar:

## Habilitet:

☞ Folkevalde skal praktisere likebehandling og opptrer upartisk. Dei skal unngå å komme i situasjonar som kan bidra til konflikt mellom kommunen og personleg interesse. Habiliteten skal vurderast av eit folkevald organ.

## Respekt:

☞ Relasjonar mellom folkevalde skal pregas av gjensidig kollegial respekt. Integritet og sjølvfølelse vektleggast og sikrast.




# Tenestereiser og ytringsfridom:

## Tenestereiser:

☞ Folkevalde representerer kommunen i samband med tenestereiser, konferansar, representasjon og liknande. Det forventast at ein opptrer på ein slik måte som ikkje skader kommunens omdømme.

## Ytringsfridom og varsling:

- ☞ Kritikkverdige forhold oppfordrast at ein varslar om.
- ☞ Folkevalde som opplever eller oppdagar kritikkverdige eller uetisk forhold eller skal melde til ordførar
- ☞ Det skal vera trygt å varsle i Vang kommune. Varslaren skal behandlast på en respektfull måte



# Implementering og brot:

- ➲ Det etiske reglementet skal bekreftast lest og forstått av kommunestyrets representantar med vara og utval ved signatur.
- ➲ Det etiske reglementet skal reviderast kvart fjerde år, innan fyrste år til nytt kommunestyret.

